

## Takk, takk og atter takk

I dag vil me heidre alle eldsjelene. Dei som står på, og brukar av fritid, kunnskap og engasjement for å skape kjekke musikktilbod på Jæren.

Eit nytt Ranglerock er nyleg avslutta. Den vesle festivalen i Bryne mølle har markert seg langt utover Jærens grenser som ein stad der ein finn musikk som er veldig god – men ikkje nødvendigvis så kjend (enno).

I starten av august kjem strandfestivalen Lydbølger på Bore, eit nytt tilskot til jærsk festivalsommar, som endeleg får eit tilbod knytt opp mot noko av det mest jærske som finst: strendene.

For dei som likar hard rock, følger Brynerocken på i slutten av august. Ein festival som også har fått ein vinteravleggjar: Beinkaldt.

Helgåfestivalen på Oгна gjekk av stabelen for nokre veker sidan. Ein liten festival med lokale band, arrangert i Helgåleiren, som også resten av året sørgjer for mykje moro, til dømes med

Oгна Scene, som blir arrangert jamleg om søndagskveldane.

Den største av musikkfestivalane, Jærnåttå, byr på store namn på torget, supplert med konsertar i ulike lokale over heile Bryne. Dei trekkjer folk i tusental til sentrum og engasjerer eit enormt apparat med frivillige.

Kåsen IL fekk i helga Gullskoen som beste dansgalla-arrangør for tilstellingane sine i Kåsenhallen, og også andre stader er det mogeleg å svinge seg til dansemusikk.

Jærske kyrkjer byr på mange musikkopplevingar, kanskje med Frøyland og Orstad kyrkje som den mest aktive av alle dei siste åra. Også kommunane kan vere gode konsertarrangørar, med Klepp sine månadlege fullmånekveldar som eit godt døme.

Puben Thime Station har lange tradisjonar

som konsertlokale, men også andre lokale serveringsstader byggjer opp tilbod om livemusikk,

blant dei Ambolten på Kvernaland.

Og så er det konsertar i idrettshallar og i samband med dei ulike bygdedagane. Juledagsfest på Bryne mølle. Konsertar på Huse på Jæren. Hibnaleite på Obrestad.

Kabaret- og revymiljøet. Unge Spor. Opera med kulturskuleelevar i sentrale roller. Kulturskulekonsertar. Ungdommens Kulturmønstring. Klepp Hornmusikk sine nyttårskonsertar og musikaloppsetningar. Og kva ville vel 17. mai vore utan skulekorpsa og vaksenkorpsa?

Dette er heilt sikkert ikkje ei fullstendig liste over alt som skjer. Ikkje alle arrangørane er nemnde med namn, men alle kan ta heideren til seg. Ingen treff alle. Men alle treff nokon. Og saman gjer dei Jæren til ein kjekke stad å bu og besøkje. Takk!

**Saman gjer dei Jæren til ein kjekke stad å bu og besøkje.**

### PAULOS BLIKK



PAULO PAGANI ER FOTOGRAF FRA PORTUGAL, BOSATT PÅ VARHAUG. I SOMMER FORTELLER HAN, I BILDER OG TEKST, HVA HAN UNDRER SEG OVER MED Å VÆRE NY I NORGE.

**SIKKERT TEGN:** Er du en turist som kjører rundt i det vakre nord, og har kjørt deg vill? Stopp på nærmeste bensinstasjon, og du trenger ikke spørre en gang for å se at du nå er i Norge.



### ■ UNDERVEGS

## Blink?

Det skal ikkje skje, og eg tar absolutt sjølvkritikk. Men det skjedde altså. Eg fall i eigne tankar medan eg sat og kørde bil. Eg trur eg følgde godt med på trafikken, men kanskje blei trykket på gassfoten litt for hardt? Kanskje blei merksemda på speedometeret for lita? Eg er ikkje heilt sikker. Men eg passerte i alle fall ein fotoboks. Og trudde eg såg eit blink.

Det var skrå sol inn på fotoboksen, så det kan ha vore ein refleks. Den kjappe sjekken på speedometeret viste også at det ikkje kunne vera mange

kilometrane i timen over fartsgrensa eg låg, om eg i det heile tatt hadde kjørt for fort. No får eg venta og sjå om det kjem rekning i posten. Kor lang tid tar det, tru? Kor dyrt kan det bli? Eg får venta i spenning, og det er til pass åt meg.

PS: Dette bildet frå Øksnavad er tatt ein annan dag, frå passasjerstet i ein bil som heldt fartsgrensa. Heilt trafikktrygt.

@abjibl



Se #jærbladet på Instagram

### Jærbladet

Jærbladet kjem ut mandag, onsdag og fredag og er ein del av Nordsjø Media-konsernet.  
Utgjevar: Jærbladet AS  
Føretaksnummer: 865613032

Redaksjon redaksjon@jbl.no  
Abonnement abo@jbl.no  
Annonser annonse@jbl.no

### PFU

Jærbladet arbeidar etter Ver Varsam-plakatens regler for god presseskikk. Dei som meiner seg ramma av urettvis omtale, vert oppmoda til å ta kontakt med redaksjonen. Pressens Faglege Utval (PFU) er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund. Dei behandlar klager mot pressen i presseetiske spørsmål.  
Adresse: Rådhusgt. 17, postboks 46 Sentrum, 0101 Oslo.  
Tlf. 22 40 50 40, faks: 22 40 50 55.